



Sunnfjord kommune

Areal- og byggesak

Asplan Viak As Avd Leikanger
Sognefjordvegen 40
6863 Leikanger

Vår ref.:
23/6191-38

Dykkar ref.:

Saksbehandlar:
Berit Holme

Dato:
09.04.2025

Vedtak - endra detaljreguleringsplan G/S-veg E39 Kusslid - Moskog

Vedtak

Sunnfjord kommune vedtek å endre detaljreguleringsplan G/S-veg E39 Kusslid - Moskog slik det er vist i plankart og føresegner begge dagsett 25.03.2025.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova § 12-14, andre ledd, og etter Sunnfjord kommune sitt delegasjonsreglement vedteke av kommunestyret den 27.11.2019.

Saksopplysningar

Asplan Viak AS søker på vegne av Statens vegvesen om å endre detaljreguleringsplan G/S-veg E39 Kusslid - Moskog for å etablere gang- og sykkelveg, og å utbetre delar av E39.

Det er søkt om å endre følgjande:

- Fjerne arealformålet kommunalteknisk anlegg BAV1 ved Kusslia.
- Markere bygg som skal fjernast (gbnr 46/7)
- Flytte grensene til arealformålet for gang-/sykkelveg frå Kusslid til bru over Gjelgrova.
- Eksisterande grusveg sør for E39 vest for Mo vgs vert regulert til køyrbar gang-/ sykkelveg.
- Plangrensa vert endra i området frå Mosvingen fram til vegkrysset på Moskog p.g.a. utvida veggbreidde til E39.
- Endre og utvide arealføremåla til veglinja til E39 frå Mosvingen ved Mo vgs til vegkrysset på Moskog.
- Fjerne regulert landbruksundergang under E39 nord for Mo vgs, og i staden regulere eksisterande avkøyrsløse nord og sør for E39 som køyreveg SKV14-16.
- Flytte busshaldeplassar nord og sør for E39 ved Moskog.
- Regulere omsynssone for naturmangfald og automatisk freda kulturminne søraust for E39 ved Mo vgs.
- Regulere omsynssone på del av Den Trondhjemske postvegen
- Omsynssone for høgspenning ved Mo vgs.
- Nytt arealføremål undervisning og fortau ved Mo vgs, og fortau ved busshaldeplass på Moskog.
- Endre føresegner i samsvar med endringane.

[Detaljreguleringsplan G/S-veg E39 Kusslid-Moskog](#) av 2016 har regulert areal til gang- og sykkelveg (g/s-veg) langs E39 frå Kusslid til Moskog. Reguleringsføresegna fastset ulike rammer for utbygging av g/s-vegen.

Det vert no søkt om å endre plankart og føresegner. Målet med planendringa er å betre utforming av gang- og sykkelvegen av omsyn til terrenginngrep og trafikktryggleik. Statens vegvesen ynskjer også å betre køyrebaneane til E39 frå avkøyrsla til Mo vgs til vegkrysset ved Moskog.

Utviding av breidda til E39 startar i svingen før Mo vgs. Svingen vert justert mot nord slik at utvidinga unngår trerekka som står sør for E39. Trerekka skal så langt mogleg takast vare på. Det vert vist til planomtalen for fleire opplysningar om endringane. Det er utarbeidd ulike fagrapportar.

Endring av veglinja i svingen før Mo vgs er handsama av Statens vegvesen som fråvikssak i høve kurvatur.

Det er varsla start av detaljreguleringsplan Sunnfjord næringsområde aust som m.a. omfattar vegkrysset E39 og fv613 på Moskog med tilhøyrande anlegg. Framlegg til detaljreguleringsplan Mo vidaregåande skule har vore til høyring og offentleg ettersyn.

Handsaming av søknaden:

Søknaden vert handsama som endring av detaljreguleringsplanen etter ein enklare prosess, jf. plan- og bygningslova (pbl) § 12-14, andre ledd. Søknaden er varsla naboar og offentleg mynde der søknaden rører ved deira interesser eller fagområde med høyringsfrist den 24.11.2023. Det kom inn merknader som er sendt søkjar for uttale. Etter at saka har vore på høyring er planen endra og sendt på ei avgrensa høyring med ny frist den 25.09.2024. Fylkeskommunen varsla motsegn, og denne er trekt den 13.03.2025 etter at planen vart revidert.

Samandrag av merknadane:

Statsforvaltaren viser til at tiltaket vil røre ved naturførekomstane av svært stor verdi. Endringane må derfor handsamast som for utarbeiding av ny detaljreguleringsplan, jf. PBL § 12-14, første ledd. Dersom vegen skal utvidast må dette skje på nordsida av E39. Dei legg til grunn at det vert lagt vekt på løysingar som kan sikre dei nasjonale viktige naturførekomstane i området. Ved ny høyring av revidert planframlegg viser dei til at veglinja ikkje er flytta så langt unna trekkja, og dei er i tvil om justeringa er stor nok til å unngå skade på trea. Det er uklart i kva grad breiddeutvidinga vil føre til graving i eksisterande vegtrase. Dei rår til at føresegnene presiserer kva tiltak/anleggsarbeid som er naudsynt i eksisterande vegkropp. Dei rår likevel til at vegen vert flytta noko lenger mot nord. Tiltak for å bevare trea bør følgjast opp, og skjøtsel av trea vert utført etter anleggsarbeidet, og gjerne nokre år etter for å redusere belastning på trea.

Fylkeskommunen er positiv til omsynssone for Postvegen, og at føresegna gjer greie for anleggsarbeid i dette området.

Ved ny høyring av revidert planframlegg fremja dei motsegn. Arealføreålet ved kulturminna ved Mo vgs må endrast, og føresegna må sikre at det ikkje vert gjort inngrep som kan skade kulturminna. Motsegn kan trekkjast når planframlegget er endra i tråd med innspela. Motsegna er trekt etter at planen er endra på nytt.

Statens vegvesen hadde ikkje merknad ved første høyring, men viste til at siktsoner i kryss og avkøyrslar må sikrast i plankart og føresegner.

Vidar Solhaug peikar på at det ikkje er regulert avkøyrsla til garasje/verkstad på gbnr 46/13 på sørsida til E39. Kommunen nyttar same avkøyrsla til kommunalteknisk bygg.

Sykelombodet i Sunnfjord kommune viser til at museet og skulen er attraktive målpunkt for mjuke trafikkantar, og planen må sikre trygg kryssing av E39. Fjerning av undergang på E39 nord for Mo vgs. er ei ulempe for gåande og syklende som kjem frå Moskog og skal over til jordbruksskulen. Skilting blir viktig for å sluse mjuke trafikkantar til dei rette kryssingspunkta, og for å sikre trygge kryssingar.

NVE har ikkje merknader til endringa.

Merknadane er sendt søkjar som har kommentert desse i dokument «Oppsummering og kommentar til høyringsuttalar» 22.03.24 og «Oppsummering og kommentar til høyringsuttalar - avgrensa høyring» 7.11.2024.

Kommunen sine vurderingar:

Gang-/sykkelveg

Føremålsgrrensa til den regulerte gang-sykkelvegen vert flytta slik at den ligg høgre i terrenget frå Kusslia til Gjelsgrova. Søkjar opplyser at dette vert gjort for å få ei betre tilpassing av g/s-vegen i terrenget. Dette vil m.a. føre til mindre inngrep i terrenget. Det er ikkje gjort endringar i området ved Sunnfjord museum.

Eksisterande grusveg på sørsida av E39, vest for avkøyrsla til Mo vgs, vert regulert til køyrbar gang-/sykkelveg. Søkjar opplyser at det skal vere rekkverk langs E39 slik at mjuke trafikkantar og landbrukskøyretøy vert ført til tilrettelagt kryssingspunkt på E39. Fleire tiltak for å sikre trafikktryggleiken vert handtert i byggeplan.

Køyreveg

Føremålsgrrensa til køyrevegen E39 vert utvida frå avkøyrsla til Mo vgs til Moskog. Dette vert gjort for å etablere forsterka midtoppmerking av E39 (FMO-prosjekt). Veglinja til E39 vert flytta nordover i området ved Mo vgs, medan breidda på vegen vert utvida på heile strekninga til Moskog. Vegdirektoratet har godkjend avvik i høve enkelte punkt i kravet om geometri i kurva ved Mo vgs under føresetnad av at fartsgrensa på 70 km/t vert oppretthalde i området.

Det er etablert garasje og kommunalteknisk anlegg sør for E39 ved Gjelsgrova. Kommunen meiner at tilkomst til området må sikrast, og har sett avkøyrslapil på plankartet.

Busshaldeplass

Busshaldeplassane heilt aust i planområdet ved Moskog er forskyvde av omsyn til trafikktryggleik.

Landbruk

I samband med justering og utviding av E39 vil noko av den dyrka marka langs vegen bli omdisponert. For å sikre at matjorda vert nytta til vekstmedium i landbruk-/matjordproduksjon har kommunen gjort gjeldande føresegn om matjord tydlegare. Breidda til anna vegareal er utvida på delar av vegstrekninga. Kommunen meiner at jordbruksareal som er regulert til anna vegareal må nyttast til jordbruksføremål når dette er mogleg dersom dette ikkje er til ulempe for vegareala. Kommunen har sikra dette i føresegna.

Statens vegvesen har akseptert å halde fram med eksisterande løysing der landbrukskøyretøy kryssar E39 nord for Mo vgs. Undergangen og to av landbruksavkøyrslene er derfor teke ut av planen, og den eksisterande avkøyrsla er sikra i endringa av planen. Veglinja til E39 er flytta noko lenger nordvest slik at sikt og utforming til avkøyrsla er betra.

Naturmangfald

Det er registrert tre utvalde naturtypar og 17 førekomstar av raudlista artar søraust for E39 ved Mo vgs. Dette er naturførekomstar av svært stor verdi som gjeld tre eiketree, 10 almetree (ein naturtype (EN) sterkt trua) og sju asketree (EN, sterkt trua). I samband med utviding av køyrebanane til E39 vil trekkja på sørsida av E39 ved Mo vgs bli rørt av tiltaket. Det er uvisst om justering av vegbane mot nordvest kjem utanfor den kritiske rotsona til trea. Det skal utarbeidast marksikringsplan med omsyn til rotsoner for kvart tre, og alle tiltak skal planleggast i samråd med arborist. Dersom det vert anleggsarbeid i rotsona skal det utarbeidast tiltaksplan av sertifisert arborist med kompetanse på graving i nærleiken av tre. Det er likevel uvisst om tiltaka er tilstrekkeleg for å sikre at trekkja vert teke vare på. Dersom mykje av jordsmonnet må skiftast og ev. andre justeringar må til for å nå kvalitetskrava til europaveg, kan dette føre til at kvaliteten på vegen vert prioritert føre trea. Dersom tre må fellast er det tilrådd å legge tre til naturleg nedbryting på passande plassar.

Det er vurdert at fleire av trea er i for dårleg tilstand til å kunne tole å bli flytta. Det biologiske mangfaldet som lever på trea vil i liten grad bli sikra ved å plante nye tre, og det vert derfor vurdert

å ikkje vere aktuelt. Sidan utbetringa på E39 skjer på eksisterande veg er det avgrensa kor langt veglinja kan flyttast av omsyn til kurvatur og kostbart sideterreng (fjellskjering).

Søkjjar viser til at E39 er flytta så langt frå trekkja som mogleg, og at det er eit mål at trekkja skal takast vare på. Tiltaket vert vurdert å føre til noko negativ konsekvens for naturmangfaldet.

Kultur

Omsynssona for bevaring av kulturmiljø over postvegen i gjeldande plan vert ført vidare i endringa av planen. Fylkeskommunen og Statens vegvesen skal kontaktast når tilkomst til justert busslomme skal koplast til postvegen.

Det er registrert to område med automatisk freda kulturminne aust for E39 ved Mo vgs. Omsynssone for bandlegging av kulturminne er lagt over områda, og føresegnene skal sikre at dei ikkje vert skada.

Kommunalteknisk anlegg

Areal til kommunalteknisk anlegg BVA1 i vest er teke ut fordi dette er bygd utanfor planområdet i vest. Dette er såleis ikkje aktuelt lenger, og føremålet er endra til anna vegareal og landbruksområde. Plangrensa i dette området er flytta til midtlinje veg. På same stad, men på austsida av vegen, vil føremåla o_SVG og LL2 bli teken ut av planen.



Nye arealformål

Detaljreguleringsplan for Mo vgs er under arbeid, og regulerer areal til undervisning i delar av området langs E39. Endring av GS-veg E39 Kusslid – Moskog tek omsyn til dette og regulerer dei same areala til undervisning. Føresegner til desse områda vert vist til detaljreguleringsplan Mo vgs.

Det nye arealføremålet fortau ligg ved busslomma ved Moskog og ved avkøyrsla til Mo vgs.

ROS-analyse - naturfare

Det er teke utgangspunkt i ROS-analyse for eksisterande detaljreguleringsplan. I samband med endringa av planen er lausmasse-, flaum og sørpeskred vurdert nærmare. Det vert tilrådd å etablere inntakskontroll ved elva i Hellersvika. Bekkeløpet vert tilrådd med djupne på minst ein meter, eventuelt ein liten voll.

Områdestabilitet for m.a. kvikkleire er vurdert for planområdet etter NVE sin rettleiar. Det er utført grunnundersøkingar som gjev godt nok geoteknisk grunnlag for å gjennomføre tiltaka. Det er konkludert med at det ikkje er fare for områdeskred.

Omsynssone for høgspenning er lagt inn i plankartet der denne går i dag, og føresegna sikrar denne.

Det er vurdert at endringane ikkje fører til auka risiko for dei andre hendingane nemnt i gjeldande plan.

Verknader

Søkjjar vurderer at endring av planen vil ha noko positiv verknad for landskap fordi gang/sykkelvegen i vest reduserer terrenginngrepet. Det vil ikkje bli endra verknad for friluftsliv eller nærmiljø. Breidda til E39 er utvida frå avkøyrsla til Mo vgs til Moskog slik at det kan etablerast forsterka midtoppmerking i køyrebanen. Det er eit mål at trekkja, som er av svært stor verdi, skal takast vare på. Kvalitetskrava til europavegar kan likevel føre til at kvaliteten på vegen vert prioritert føre trea. Utviding av breidda til E39 og anna vegareal i høve gjeldande reguleringsplan,

vil føre til at ein del dyrka mark vert omdisponert. Kommunen har sett krav om bruk av matjord, og at anna vegareal skal nyttast til jordbruksproduksjon der dette er mogleg. Busshaldeplassane vert justert slik at tryggleiken for mjuke trafikkantar vert betra. Utforming og sikt i eksisterande kryssingspunkt for landbrukskøyretøy i aust er betra. Planen sikrar at automatisk freda kulturminne og Den Trondhjemske postvegen som ligg langs E39 ikkje vert skada. Endringa vert vurdert å ikkje føre til auke i risiko for uønska hendingar. Trafikktryggleiken vert betra ved planendringa.

Samla vurdering

Kommunen vurderer at endringane vil vere positive i høve trafikktryggleik på vegstrekninga frå Kusslid til Moskog, og g/s-vegen vert lagt betre i terrenget i vest ved Kusslid. Noko meir landbruksareal vil bli omdisponert i samband med utviding og justering av E39, men det er sett krav om at matjorda skal nyttast til landbruksføremål. Omsyn til kulturminne og kulturmiljø er sikra i planendringa, og risiko kring tiltaka er uendra.

Kommunen vurderer at omsynet til naturområde er noko usikkert sidan det ikkje er avklara kva arbeid som må utførast i områda ved trekkja. Dette vil først bli klart når anleggsarbeidet tek til. Kommunen meiner dette er uheldig, men målet er at trekkja skal takast vare på dersom dette er mogleg.

Etter ei samla vurdering finn kommunen at endringane ikkje i vesentleg grad går ut over hovudrammene og gjennomføring av planen. I høyringa av planendringa peika Statsforvaltaren på at utviding av E39 vil røre ved viktige naturområde, og saka derfor må handsamast som ordinær reguleringsendring. Søkjar flytta veglinja noko vekk frå naturområda, og viser til at endringane ikkje gjev vesentleg verknader for naturmangfaldet. Kommunen legg vekt på at det er teke omsyn til naturområda, og avbøtande tiltak er sikra i planendringa. Endringa er varsla aktuelle partar og innspela er vurdert. Kommunen vurderer derfor at omsynet til naturområdet er teke i vare så langt det er mogleg, og finn at vilkåra for å handsame saka etter ein enklare planprosess er til stade.

Med helsing

Odd Harry Strømsli
einingsleiar

Berit Holme
arealplanleggar

Dette brevet er elektronisk godkjent om det ikkje er signert.

Kopi til:

Anita Eilertsen Hole	Jølstravegen 162	6819	Førde
Anna Ragna Skrede	Jølstravegen 108	6819	Førde
Anny Konstanse	Jølstravegen 76	6819	Førde
Skadal Andreasen			
Arve Magnus	Jølstravegen 110	6819	Førde
Heggheim			
Eli Hellebust	Jølstravegen 92	6819	Førde
Fleten Holding As	Fleten	6819	Førde
Førde vidaregåande skule	Naustdalsvegen 12	6800	FØRDE
Knut Even Hole	Jølstravegen 162	6819	Førde
Kåre Solhaug	Jølstravegen 60	6819	Førde
NVE region vest	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
Oddrunn Kusslid	Jølstravegen 48	6819	FØRDE
Ove Johnny	Jølstravegen 92	6819	Førde
Sundbotten			
Per Skrede	Jølstravegen 108	6819	Førde
Rolf Gunnar Holsen	Vettreiene 49	6819	Førde
Saulius Butrimavicius	Jølstravegen 164	6819	Førde

Kopi til:

Statens vegvesen Region vest Statens vegvesen v/ Sonja Irene Rosenlid Fjellkårstad	Postboks 1010	2605	LILLEHAMMER
Statsforvaltaren i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Sverre Normann Kvamme	Jølstravegen 64	6819	Førde
Torbjørn Gjelsvik	Jølstravegen 90	6819	Førde
Tordis Ripe Michaelson	Postboks 51	6801	FØRDE
Vestland Fylkeskommune	Askedalen 2	6863	Leikanger
Vidar Solhaug	Jølstravegen 76	6819	Førde

Vedlegg:

Planomtale_Endring av reguleringsplan for E39 GS-veg Kusslid-Moskog_ver.5
 Føresegner_E39 GS-veg Kusslid-Moskog 2025-03-25
 Plankart1_GS-veg E39 Kusslid-Moskog_endring_25.03.2025
 Plankart2_GS-veg E39 Kusslid-Moskog_endring_25.03.2025
 Plankart3_GS-veg E39 Kusslid-Moskog_endring_25.03.2025
 Plankart4_GS-veg E39 Kusslid-Moskog_endring_25.03.2025